

---

Frå:	<b>Skipingsmøte for Partslaget Bakkejekta</b>
Dato:	17. august 2003
Stad:	Jensbua
Til stades:	Øystein Helle, Markvard Eikerol, Ledvin Solvik, Marita Solheim Solvik, Knut Sunde, Kristian Jansen, Jogvan A. Joensen, Jofred Åsnes, Anders Pihl, Asbjørn Igelkjøn, Roar Moe, Atle Raubotn, Andreas Ramstad, Inger M. Eide, Marit Steinsund, Bjarne Akse, Arvid Eide, Einar Skram Husabø, Sigmund Follesø, Helga Follesø, Steinar Lindstrøm, Erlend F. Solvang, Marianne S. Solvang, Ove Losnegård, Bernhard Tysse, Anders Lien, Terje Bjaanes, Bjørg Bjaanes, Per Arne Tveit, Lars Bjarte Osland, Rolf Losnegård, Anne-Britt Losnegård, Arnulf Aasnes, Magnar Korsvoll, Ragnhild Lise Korsvoll
Ref:	Ref.skipingsmøtePartslagetBakkejekta17.08.2003

---

Ove Losnegård innleidde om Bakkejekta: Historia, bakgrunnen for prosjektet og arbeidet som interimstyret har gjort sidan jektekvalden i november 2002.

Møtet vart sett kl. 18 30.

#### Sak 1 Val av møteleiar

Ove Losnegård vart vald til møteleiar.

#### Sak 2 Val av referent

Magnar Korsvoll vart vald til referent.

#### Sak 3 Skiping av Partslaget Bakkejekta

Ove Losnegård gjorde framlegg om følgjande skipingstekst:

*”Partslaget Bakkejekta er skipa 17. august 2003 med føremål å byggje ei ny jekt som replika av den originale Bakkejekta – ein av Noregs eldste bevarte båtar (om lag 1750). Den nye jekta skal byggjast og brukast i Dalsfjorden og Ytre Sogn, og byggjast etter same handverksteknikkar som originalen.*

*Den nye Bakkejekta skal fremje interessa for kystkultur, historie og handverk i regionen, knyte oss betre saman på tvers og langs av fjordar og fjell, og gje oss innsyn i byggjing og bruk av jektene i den tid dei var livsnerva mellom bygdene og mellom by og bygd.”*

Framlegget vart samrøystes vedteke.

#### Sak 4 Val

Det kom framlegg til følgjande styre:

***Magnar Korsvoll, Ove Losnegård, Anders Lien, Roar Moe, Marianne Solvang***

*Vara:*

*Bjarne Akse, Bjarne Helle, Per Arne Tveit, Markvard Eikerol, Marit Steinsund*

Det kom framlegg om at det bør vere 3 vararepresentantar. Dette vart vedteke med 17 mot 1 røyst.

Det kom framlegg om følgjande vararepresentantar:

***Bjarne Akse, Bjarne Helle, Marit Steinsund***

Desse 3 vararepresentantane vart valde med akklamasjon.

Dei 5 føreslegne i styret vart valde med akklamasjon.

Framlegg til valnemnd:

***Per Arne Tveit, Markvard Eikerol***

Desse vart valde med akklamasjon.

#### Sak 5 Vedtekter

Framlegg:

Styret får som mandat å utarbeide framlegg til vedtekter for Partslaget til årsmøte våren 2004. Vedtektene må ta omsyn til at 3 i styret og 2 vararepr. går vidare etter første årsmøte.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

Direktør Kristian Jansen ved Kystmuseet i Sogn og Fjordane fekk så ordet. Han orienterte om ulike båttypar på Vestlandet, røynsla Kystmuseet har med å byggje replikaer av sunnfjordbåtar, og forsøka som har vore gjort for å finne tilbake til kunnskapane om byggjing og segling av desse båtane. Han målbar til slutt sterk støtte til Partslaget Bakkejekta og byggjing av ei ny jekt etter gammal byggeskikk og handverksteknikkar.

Møtet slutt kl. 19 10.

*Referent:*

*Magnar Korsvoll/Ove Losnegård*